



Informasjon til skuleelevar i vidaregåande skule om attest for helserelatert fråvær

Denne rutina gjeld elevar som har fastlege ved legekontora i Sunnfjord kommune. Elevar som har fastlege ved legekontor i andre kommunar må halde seg til rutine som er gjeldande ved sitt eige legekontor.

- Eleven sjølv tekk kontakt med sitt legesenter og melder frå om sjukdom
 - **Førde, Sande og Naustdal** legesenter ønsker primært at eleven nyttar e-kontakt: «se hvem som er fastlegen din» > «kontakt legekantoret» via www.helsenorge.no/fastlegen (krev bankID)
 - **Skei** legekantor må kontaktast per telefon 577 26 250
- Helsesekretær informerer lege om årsak til kontakt, finn ein medisinsk grunnlag for konsultasjon vert eleven kontakta.
- Om fråværet strekker seg over fleire dagar, må eleven kontakte legesenteret og informere om fråværet kvar dag fråværet gjeld, og det vert ført i journal.

NB! Ser eleven mot slutten av semesteret at 10%-grensa for fråvær er passert eller står i stor fare for å gjere dette før halvårsvurdering/sluttvurdering, må eleven bestille legetime hos fastlegen. *Ver merksam på at det kan vere ein del ventetid for time.*

- *Starten av desember* – bestill time for legeattest som må vere klar seinast 1. januar
- *Starten av mai* – bestill time for legeattest som må vere klar seinast 1. juni

Time kan bestillast som e-konsultasjon via Helsenorge, legen avgjer om det er naudsynt for pasienten å komme til fysisk konsultasjon. Fastlegen skriv ein samla legeerklæring for det fråværet som tidlegare er dokumentert i eleven sin journal. *Ikkje-dokumentert fråvær og fråvær utan medisinsk årsak kan det ikkje skrivast legeerklæring for.*

Kostnad for attest svarar til eigenandel for konsultasjon. *Eleven må komme fysisk på legekantoret å hente attesten, som må vere signert av lege.*

I situasjonar der eleven vert sjuk i løpet av ein skuledag, og må gå heim, kan eleven som tidlegare ta kontakt med helsesjukepleiar ved skulen for ei vurdering. Helsesjukepleiar kan då skrive helseerklæring for dokumentasjon av fråværet den dagen.